

# Grenselaus kultur?

Torsdag 3. april 2014, Radisson Hotel Norge, Bergen



## Temadag for kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Kultur kan sprengje grensar vert det sagt, i samband med geografi, kultur og språk. Men greier kultur å sprengje grensa som eksisterer i same land, med same kultur og med same språk, men med ulik funksjonsevne? Og korleis tenkjer ein på menneske med nedsett funksjonsevne og kultur? Er det nok om ein ser til at rullestolen får plass blant publikum eller tek ein omsyn til andre funksjonsnedsettingar? Og er det mogleg at menneske med nedsett funksjonsevne kan vere ein aktiv deltakar i kulturopplevingar?

Denne konferansen ønskjer å gje deltakarane praktiske tips og forslag til korleis ein kan leggje til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne kan ta del i kulturopplevingar, ikkje berre som tilskodarar, men også som deltakarar.

Målgruppa for konferansen er kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne, men både politikarar og kulturinstitusjonar i Hordaland er invitert.

## Program. Torsdag 3. april 2014, Radisson Hotel Norge, Bergen

kl. 09:00 – 10:00	<b>Registrering</b> – med Brainfood
kl. 10:00 – 10:05	<b>Velkommen til konferansen</b> v/leiar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Ellinor Kreybu
kl. 10:05 – 10:15	<b>Opning</b> v/fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes
kl. 10:15 – 10:40	<b>Kultur og funksjonsevne</b> Innleiar Ronny Skaar, utviklingssjef kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune
kl. 10:40 – 10:50	<b>Kulturelt innslag</b>
kl. 10:50 – 11:35	<b>Verdien av å delta i kulturopplevingar</b> Innleiar Ellen Saur, førsteamanuensis ved NTNU med doktorgrad i pedagogikk og hovudfag i drama og teater
<b>kl. 11:35 – 11:50</b>	<b>Pause – med Brainfood</b>
kl. 11:50 – 12:20	<b>Kultur med bistand</b> Innleiar Ingvild Marie Hilde, fagansvarleg Aktiv Fritid i Kvinneherad kommune
kl. 12:20 – 12:50	<b>Kva kan vi lære frå idretten?</b> Innleiar Audun Håland, initiativtakar i Nordhordland Padleklubb sitt integreringsprosjekt Innleiar Steinar Vedå, trener og initiativtakar for rullestolbasketgruppa i Kirkevoll Basketballklubb
<b>kl. 12:50 – 13:50</b>	<b>Lunsjbuffé</b>
13.50-14.20	<b>Teater for høyrslheemma</b> Innleiar Evy Fischer, salgssjef på Den Nationale Scene
14.20-14.50	<b>Synstolking opnar kulturen?</b> Innleiar Terje Karlsrud, medverkande i prosjektet «Synstolking åpner kulturen»
<b>kl. 14:50 – 15:00</b>	<b>Pause</b>
kl. 15:00 – 15:30	<b>Relasjon som motiverer</b> Innleiar Marco Elsafadi, motivator, toppidrettsutøvar og vinnar av Mesternes Mester 2014
kl. 15:30	<b>Avslutning</b> v/leiar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Ellinor Kreybu